

## Referat frå møte i FAU 20.11.24

*Stad og tid:* Personalrom på ungdomsskulen mandag 20.11.24 kl.17:30

*Deltakerar:* Annette Dale Natås (rektor), Camilla Klakegg, Iselin Sunde, Hilde Losnegard, Marte Hundvebakke, Jakob Andre Sandal og Reidun Sofie Myklebust

*Fråfall:* Sonja Anita Grøneng, Monica Vaulen, Thomas Heggelund

*Referent:* Hilde Losnegard

### Saker:

- **Skulestruktursak:** Det blir høyring i skulestruktursaka i perioden 01.12.24 til 01.02.25.

FAU vil skrive uttale til høyringa innan 01.02.25. I møtet i dag fordelte vi oppgåver om kven som skal utdjupe ulike punkt fram til neste møte. Vi vil også ta med innspel frå foreldre i høyringsuttalen.

FAU vil invitere oss inn i gruppemøter til politiske parti i Sunnfjord kommune. Vi vil prøve å samordne oss med Skei miljøutvikling og lage ein felles presentasjon vi kan bruke i gruppemøtene.

- **Stiftingsdokument og vedtekter FAU (v/Iselin):** Vi gjekk gjennom stiftingsdokument, vedtekter og retningslinjer for bruk av klassekonto og lagkonto.

Føremål med foreininga er å legge til rette for at kvart klassesteg på Skei skule kan opprette klassekonto. Foreldrerådet kan søke om midlar og tiltak og /eller prosjekt som fremjar trivsel og aktivitet.

Vi vil no søke om organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret og deretter konto gjennom Sparebank1 Sogn og Fjordane.

**Neste møte:** Felles møte med SMU mandag 06.01.25 kl.17:00. Solfrid vil invitere Skei Miljøutvikling til å bli med i deler av møtet.